



HORDLAND FYLKESKOMMUNE  
OPPLÆRINGSAVDELINGA  
POSTBOKS 7900  
5020 BERGEN

Dato: 03.04.2016  
Vår ref.: 659/030416/STS  
Dykkar ref.:

**TILBAKEMELDING PÅ PROGNOSEINNTAKET 2016/17 – NYE VOSS VGS**

'Historias fyrste' inntak til Nye Voss vidaregåande skule er særdeles positiv, og eg ynskjer å koma med fylgjande tilbakemelding på prognoseta:

**Utdanningsprogram:** Bygg- og anleggsteknikk

KURSKODE	KURSNAMN	YNSKJE OM KLASSETAL	ELEV TAL I KLASSEN	GRUNNGJEVING
BABAT1—	Bygg og anleggsteknikk	2	15	Det er nok søkjarar til 2 klassar, og det er 2 klassar me har hatt dei siste åra
BABYG2—	Byggteknikk	1	15	Som før

**Utdanningsprogram:** Elektrofag

KURSKODE	KURSNAMN	YNSKJE OM KLASSETAL	ELEV TAL I KLASSEN	GRUNNGJEVING
ELELE1—	Elektrofag	2	14	Det er nok søkjarar til 2 klassar, og det er 2 klassar me har hatt kvart år frå 1981. Og frå 1994 då Vg2 Elenergi vart oppretta, har 2 Vg1-klassar vore nødvendig for å rekruttera nok elevar til denne Vg2-klassen. Elektrofag ved Voss vgs har hatt jamt gode søkjartal kvart år noko som indikerer at vårt omdøme hjå elevane og foreldre er svært positivt. Me har svært gode faglege resultat for elevane og nærast ingen sluttarar. Dette skuldast i hovudsak godt kvalifiserte lærarar med solid yrkesaktiv erfaring. Me har også god kontakt med det lokale næringslivet og det er ikkje vanskar med verken bedriftsbesøk eller utplassering i PFO. Det har heller ikkje vore vanskeleg for Vg2-elevane å fått lærekontrakt. Ved å redusera til 1 klasse, vil det føra til ein overtalssituasjon på 1,7 stilling
ELELE2—	Elenergi	1	14	Som før



## Utdanningsprogram: Naturbruk

KURSKODE	KURSNAMN	YNSKJE OM KLASSETAL	ELEVTALE I KLASSEN	GRUNNGJEVING
NANAB1—	Naturbruk (landbruk)	1	20	Som før, men me aukar elevtalet til 20 i tråd med prognoseinntaket
NANAB1—2-	Naturbruk (villmarksliv)	2	20	Med det høge talet på primærsøkjarar (56), ynskjer me å oppretta ein ny klasse her slik at me får 2 klassar à 20 elevar. For å få dette til, må me tilsetja om lag 1,8 stilling i programfag. Lærarressurs i fellesfag hentar me frå samanslått klasse på Vg1 TIP. I tillegg treng me supplering av undervisningsutstyr til programfaga.
NANAB1—3-	Naturbruk (hestefag)	1	20	Som før, men me aukar elevtalet til 20 i tråd med prognoseinntaket
NALGA2—	Landbruk og garntarnæring	1	15	Me kan ta inntil 15 elevar i denne klassen
NALGA2—2-	Landbruk og garntarnæring (friluftsliv)	1	15	Me kan ta inntil 15 elevar i denne klassen
NAH02—	Hest og hovslagarfag	1	15	Me kan ta inntil 15 elevar i denne klassen
NALBR3—	Landbruk	1	15	Me kan ta inntil 15 elevar i denne klassen
NANAB3—	Naturbruk - studieførebuande	1	25	Me kan ta inntil 25 elevar i denne klassen

## Utdanningsprogram: Restaurant- og matfag

KURSKODE	KURSNAMN	YNSKJE OM KLASSETAL	ELEVTALE I KLASSEN	GRUNNGJEVING
RMRMF1—	Restaurant- og matfag	1	15	Me kan ta inntil 15 elevar i denne klassen
RMKOS2—	Kokk- og servitør	1	15	Me kan ta inntil 15 elevar i denne klassen

## Utdanningsprogram: Teknikk og industriell produksjon

KURSKODE	KURSNAMN	YNSKJE OM KLASSETAL	ELEVTALE I KLASSEN	GRUNNGJEVING
TPTIP1—	Teknikk og industriell produksjon	3	15	Det er inneverande skuleår 3 Vg1-klassar, og dette er avgjerande nødvendig for å kunna rekruttera til 2 Vg2-klassar. Me har frå skuleåret 2016/17 fått oppretta Vg2 køyretøy i tillegg Vg2 arbeidsmaskiner.



## NYE VOSS VIDAREGÅANDE SKULE

				Inntaksleiar skriv i kommentaren til prognoseinntaket at ved 3 klassar kan ein ikkje rekna med 45 elevar. Dersom me får 3 klassar, vil me slå saman 2 av klassane i fellesfag for slik å redusera total kostnaden. Ved å redusera til 2 klassar, vil det føra til ein overtalssituasjon på 1,7 stilling
TPAMK2---	Arbeidsmaskiner	1	15	Me kan ta inntil 15 elevar i denne klassen
TPKJT2---	Køyretøy	1	15	Me kan ta inntil 15 elevar i denne klassen
TPLMMF---	Landbruksmaskin- mekanikarfaget	1	15	Me kan ta inntil 15 elevar i denne klassen

Når det gjeld HT-klassane, HTH-klassane og HTA-klassane vert det gjort vedtak på elevtala her i eige møte 15.april 2016.

Med venleg helsing

Svein Inge Styve  
-rektor-